



Saksframlegg

Vegen vidare for Vest-Telemark Næringsbygg AS

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Innkalling til eigarmøte i Vest-Telemark Næringsbygg AS
- 2 SWOTROS-analyse strategisamling 202525.nov 2025.xlsx
- 3 Utgreiing av vidare drift og eventuell avvikling av Vest-Telemark Næringsbygg AS.docx

Bakgrunn for saka:

Bakgrunnen for saka er eigarmøte med påfølgjande generalforsamling i Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN). Fyresdal kommune må forankre sin posisjon knytt til avvikling eller vidare drift av VTN.

Vedlagd følgjer dokument utsendt til eigarmøtet 26. januar. Dette arbeidet blei igangsett på oppmoding frå Seljord kommune V/ordføraren, der selskapet blei beden om å utgreie:

1. Videre drift, korleis meiner administrasjon/styret at selskapet best drivast vidare?
2. Avvikling av selskapet, korleis kan det gjerast?

Fyresdal kommune er blant dei tre største eigarane i selskapet.

Prosentvis fordeling framgår av tabellen under:

Andre eigarar	0,53%
Bjørnar Andresen	1,16%
Fyresdal kommune	14,76%
Hjartdal kommune	3,93%
Kviteseid kommune	15,20%
Nissedal kommune	1,24%
Seljord kommune	10,62%
Tokke kommune	12,96%
Vinje kommune	39,59%

Vest- Telemark Næringsbygg har ein aksjepost på 27,15% i FN Eigedom AS.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Fyresdal kommune har ikkje ei eigarskapsmelding som seier noko om korleis ein skal handtere ei slik førespurnad frå eit selskap som ein har eigarinteresse i. Kommunedirektøren kan informere om at det nå jobbast med ei revidera eigarskapsmelding, denne vil kome til handsaming i løpet av våren.

VTN som morselskap har heller ikkje på eigne bein greidd å ta ein posisjon i Fyresdal Kommunens eigardel i VTN er 14,76%, og rekneskapsinformasjon om VTN er tilgjengeleg [her](#).

Direkte kommunalt eigarskap i aksjeselskap handlar om å forvalte innbyggjarane sine verdiar på best mogleg måte – det må kort sagt vere eit tydeleg definert formål, og formålet må stø opp om å sikre gode tenester, samfunnsoppdraget og politisk styring. Kapitalen som ligg i VTN og FN Eigedom er i skrivande stund uverksam for Fyresdal kommune sin del.

Dersom ein går for avvikling av selskapet vil ein direkte konsekvens for Fyresdal vere at ein må sjå på korleis aksjeposten i FN eigedom skal handterast. Fyresdal kommune er i dag den største eigaren i FN eigedom.

I rapportens punkt 4.5 peikar ein m.a. på betra ressurstilgang for ei meir utviklingsorientert framtidig drift. Sjølv om denne føresetnaden skulle kome på plass, så kan en tenke seg at enkeltprosjekt likevel vil vere avhengig av kommunalt medeigarskap i dotterselskap eller annan finansiell trygging frå ein vertskommune / god dekning av framtidig hovudleiagetakar før ei investeringsavgjerd kan takast. Dersom VTN skulle hatt ein meirverdi samanlikna med andre eigedomsaktørar, måtte selskapet hatt høve til å ta meir finansiell risiko i sine vertskommunar. Det er etter ei samla vurdering vanskeleg å sjå føre seg at selskapet kan ta ei aktiv rolle innan eigedomsutvikling for dei sju eigarkommunane.

Konklusjon:

Kommunedirektøren er av den oppfatning at Vest-Telemark Næringsbygg AS ikkje er eit selskap og ein organisasjon som er i posisjon til å levere etter dei intensjonane som var til stades når det blei etablert. Kommunedirektøren vil derfor anbefale at det blir iverksett ein prosess for å avvikle selskapet.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune stemmer for avvikling av Vest-Telemark næringsbygg AS i komande generalforsamling.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør